


KSK-notat nr.: 7/2013 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Stødna Kraft AS/Søknad om bygging av Stødna kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Lærdal		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Marianne Bismo	for Sign.:	
Dato:	06 FEB 2013		
Vår ref.:	NVE 200806088-40 ksk/mbi		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Søknad om tillatelse til bygging av Stødna kraftverk i Lærdal kommune i Sogn og Fjordane

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	2
Høring og distriktsbehandling	4
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	21
NVEs vurdering	25
NVEs konklusjon	29

Sammendrag

Stødna Kraft AS har søkt om tillatelse etter vannressursloven § 8 til å bygge Stødna kraftverk. Stødnaelva ligger i Lærdal kommune i Sogn og Fjordane og drenerer ut i Lærdalselva. Det er søkt om å utnytte et fall på 730 m mellom inntak på kote 740 og kraftstasjon på kote 10. Utbyggingen vil gi en årlig produksjon på 16,5 GWh. NVE mottok høringsuttalelse fra Lærdal kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag og Lærdal Turlag. Alle høringsparter gikk mot konsesjon til Stødna kraftverk som omsøkt. Søker fremmet etter befaring et redusert alternativ for Stødna kraftverk, men opprettholder samtidig først omsøkte utbyggingsløsning som sitt hovedalternativ.

Det reduserte alternativet går ut på å utnytte et fall på 131 m mellom inntak på kote 139 og kraftstasjon på kote 8. Utbyggingen vil gi en årlig produksjon på 3,9 GWh. Lærdal kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune har uttalt at de kan akseptere en utbygging etter det reduserte alternativet. Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag er kritiske til det reduserte alternativet.

En utbygging etter hovedalternativet vil etter NVEs mening ha store negative konsekvenser for landskapet. Fordelene overstiger ikke skader og ulemper for allmenne interesser, og kravet i vannressursloven § 25 for å kunne gi konsesjon er etter NVEs syn ikke oppfylt.

En utbygging etter redusert alternativ vil ifølge omsøkt plan gi om lag 3,9 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette ligger i nedre sjikt for det som er normal produksjon småkraftverk. Selv om dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. De tre siste årene har NVE klarert om lag 1,9 TWh ny energi fra småkraftverk. De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. NVE mener at så lenge disse interessene ikke er av svært stor verdi eller dersom de kan avbøtes i tilstrekkelig grad gjennom vilkår, så kan det gis konsesjon til tiltaket. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi.

Det reduserte alternativet vil ikke berøre fossen direkte, men vil medføre inngrep under fossen og i den eksponerte lia ned mot Stødna gård. NVE har vurdert at dette kan aksepteres dersom utbyggingen gjennomføres på en skånsom måte. Skånsom fremføring av rørgate er også viktig for den rike edelløvs skogen som rørgata skal gå gjennom. Berørt elvestrekning har liten verdi for anadrom fisk fordi strekningen jevnlig tørker ut. Selv om kraftverket berører en anadrom strekning i nasjonalt laksevassdrag mener vi derfor at kraftverket er akseptabelt dersom det bygges med omløpsventil.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene ved hovedalternativet ikke er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 ikke er oppfylt. NVE gir derfor ikke tillatelse til dette alternativet.

NVE mener at fordelene ved det reduserte alternativet, presentert i notat av 23.2.2012 og 18.1.2013 er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir Stødna Kraft AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Stødna kraftverk etter redusert alternativ. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Stødna Kraft AS, datert 10.3.11:

"Grunneierne ønsker sammen med Tyngdekraft å utnytte fallet i Stødnaelvi i Lærdal i Sogn og Fjordane fylke, til produksjon av elektrisk kraft, og søker derfor om konsesjon i hht følgende regelverk:

- *Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:*
 - *å bygge kraftstasjon og nødvendige hjelpeanlegg*
 - *å overføre vannet i Berdøla til Åsaelvi på ca kote 740 moh*
 - *å ta i bruk alminnelig lavvannføring til kraftproduksjon*
- *Etter energiloven om tillatelse til:*
 - *bygging og drift av kraftverket, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.*

Stødna kraftverk, hoveddata			
TILSIG		Hovedalternativ	Redusert alternativ*
Nedbørfelt	km ²	14,0	16,2
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	15,5	17,9
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	0,035	0,035
Middelvallvannføring	m ³ /s	0,49	0,567
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,022	0,027
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,095	0,104
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,018	0,051
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	740	139
Avløp	moh.	10	8
Lengde på berørt elvestrekning	m	3154	ca. 500**
Brutto fallhøyde	m	730	131
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	1,730	0,311
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,810	1,42
Slukeevne, min	m ³ /s	0,016	0,014
Tilløpsrør, diameter	mm	700	900
Tilløpsrør, lengde	m	2868	753
Tunnel, lengde	m	-	21
Installert effekt, maks	kW	5000	1,56
Brukstid	timer	3302	2499
MAGASIN			
Magasinvolum	mill. m ³		
HRV	moh.	740	139
LRV	moh.	739	139
PRODUKSJON			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	4,5	0,9
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	12,0	3,0
Produksjon, årlig middel	GWh	16,5	3,9
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad	mill.kr	60,1	20,0
Utbyggingspris	kr/kWh	3,64	5,14

* Redusert alternativ er presentert i notat av 23.3.12 og notat av 18.1.13. Notat av 18.1.13 beskriver prosjektet med tunnel i øverste del av rørgata og med minstevannføring lik alminnelig lavvannføring hele året. Dette er informasjon NVE har etterspurt som del av sluttbehandlingen.. Noen tall er også endret ut over det som følger av de tekniske endringene. Vi har forholdt oss til de nyeste fremlagte tallene.

** Søker har angitt berørt elvestrekning for redusert alternativ til 828 m (notat av 23.3.12) og 2,4 km (notat av 18.1.13). NVE kommer fram til ca. 500 m.

Stødna kraftverk, elektriske anlegg			
GENERATOR		<i>Hovedalternativ</i>	<i>Redusert alternativ</i>
Ytelse	MVA	5,5	2
Spennning	kV	6,6	0,69
TRANSFORMATOR			
Ytelse	MVA	6,3	2,0
Omsetning	kV/kV	6,6/22	0,69/22
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)			
Lengde	km	1,2	0,8
Nominell spenning	kV	22	22
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel	Jordkabel

Høring og distriktsbehandling

Søknaden er behandlet etter reglene i kapittel 3 i vannressursloven. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vært sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjoner, samt berørte parter for uttalelse. NVE var på befaring i området den 26.9.11 sammen med representanter for søkere og flere høringsparter. Høringsuttalelsene har vært forelagt søkeren for kommentar.

NVE har mottatt følgende merknader til hovedalternativet:

Lærdal kommune ved formannskapet har besluttet følgende i vedtak av 21.6.11:

” Kommunen meiner konsesjonssøknaden om å byggja Stødnakraft kan endrast, og finn ikkje å kunne handsama saka for Lærdal kommune og utbyggaren har hatt dialog om justering av prosjektet. ”

Vi siterer fra saksutredningen:

” ...

Søknaden har vore sendt til administrasjonen til høyring, og det kom då inn fylgjande tre innspel:

Kultur og formidling:

- *Prosjektet har i høve Kdp for små kraftverk svært høg grad av konflikt.*
- *Generelt er omsynet til kulturminne og kulturmiljø lite vektlagt i søknaden.*
- *Området for kraftstasjon og eventuell lagring av tunnelmasse bør utgreiast i høve kulturminne.*
- *Det bør liggja føre ei betre kartlegging og vurdering for kulturminne.*

Berekraftig reiseliv-prosjektet:

- *Vil ikkje rå til utbygging av Stødna kraftverk, med bakgrunn i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for små vasskraftverk, Regjeringa sin reiselivsstrategi, NHO Reiseliv sine satsingsområde, Lærdal kommune sin kommunedelplan (kdp) for små kraftverk og næringa v/ Aurland og Lærdal Reiselivslag samt Berekraftpiloten Lærdal kommune.*

- *Lærdal kommune har i kdp for små kraftverk vurdert utbygging av Stødna fossen til poengsum 21 (raud sone- høg konfliktgrad).*
- *Området rundt Stødna fossen er eit særst attraktivt turområde.*
- *Fossen er lett synleg frå heile sentrum, og er såleis ein vesentleg del av det visuelle reisemål Lærdal.*
- *Det kjem turistar både før kl. 09 om morgonen og etter kl. 17 om ettermiddagen.*
- *Det er grunn til å tru at det er lettare å få løyve til å bruke alt vatn ved eit seinare høve dersom ein får løyve no.*

Felles landbrukskontor ÅLA:

- *Sjølve vassdraget er ikkje lakseførande, men viktig oppvekstområde for lakseyngel. I anleggsfasen er det viktig at det ikkje vert avrenning ut i vassdraget.*
- *Stødna fossen er svært eksponert mot hovudvassdalføret og landskapsrommet den ligg i. Ei utbygging av elva vil føre til at fossen blir meir eller mindre vekke.*
- *Det er ikkje gjort greie for kor stort eit eventuelt massedeponi vil verta og i kva grad massane kjem frå boring i fjell er eigna til bruk i planlagd veg og som anna fyllmasse.*
- *Dyrka mark vil i liten grad verte berørt av den planlagde utbygginga, unnateke vegen frå tunet til kraftstasjonen.*
- *Eit eventuelt kraftverk kan gje tilleggsinntekter til grunneigaren, som vil føre til verdiauke på gardsbruket.*
- *Rår i frå ei utbygging slik den er planlagd, med bakgrunn i at utbygginga er vurdert til kategori raud med høg konfliktgrad. Sjølv om utbyggjar har vald løysingar som er skånsame mot terrenget, vil fjerning av vatnet frå fossen føre til at det framleis er høg konfliktgrad knytt opp til den omsøkte utbygginga.*

Vurdering

I Kommunedelplan for små kraftverk er utbygging av kraftverk i Stødna fossen vurdert til å liggja heilt klart i raud sone (høg konfliktgrad). Administrasjonen syner til vurderingane som er gjort i denne planen, og er samd i innspela om at Stødna fossen ikkje kan byggjast ut på grunn av det høge konfliktnivået.

Stødna fossen er eit av dei absolutt viktigaste landskapselementa Lærdal har. Fossen er stor og imponerende, høg og brusande. Ei utbygging her vil ha store konsekvensar for inntrykket av fossen. Ei regulering av minstevassføringa innan ulike klokkeslett, meiner me vil ha svært liten effekt på den negative konsekvensen. Om sommaren er fossen synleg til langt utpå kvelden, og det vil vera svært negativt å ei så låg minstevassføring som det er søkt om utover heile ettermiddagen. Administrasjonen er i tillegg uroa over at dei allereie høge utbyggingskostnadane, kan føre til søknadar om planendringar på minstevassføringa seinare når kraftverket er bygd.

Administrasjonen vil sterkt rå i frå at Stødna fossen vert bygd ut, og viser her til dei negative konsekvensane som er omtala i Kommunedelplan for små kraftverk, og innspela som er kome inn frå Kultur og formidling, Berekraftig reiseliv-prosjektet og Felles Landbrukskontor ÅLA.”

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i brev av 15.9.11 gitt følgende uttalelse:

” ...

Bakgrunn

...

Lærdal kommune har utarbeidd kommunedelplan for små kraftverk. Denne vart godkjend av kommunestyret 13.11.2008. Av denne planen går det fram at Stødna kraftverk kjem ut med ”Raud konfliktgrad”, dvs. ”Vassdrag/prosjekt med stort konfliktnivå”.

Lærdalselvi har status som nasjonalt laksevassdrag, og er difor underlagt eit beskyttelsesregime for at ikkje inngrep/tiltak i vassdraget skal skade villaksinteressene.

Vurdering

...

Landskap og friluftsliv

Stødnaelvi har godt synlege fosseparti. Stødnaelvi er eit svært viktig landskapselement i Lærdal, og kan sjåast frå eit stort område, m.a. frå kommunesenteret på Lærdalsøyri. Søknaden viser til at det etter utbygginga vert vesentleg mindre vatn i vassdraget, men det vert hevda at minstevassføringa vil sikre det visuelle inntrykket. Det er og planlagt slepp av minstevassføring i sommarsesongen på 22 l/s og 200 l/s i 8 timar mellom kl 09.00 og 17.00. Fylkesmannen viser til Lærdal kommune sin fråsegn og vurderer det som svært uheldig for det visuelle at vatn vert fjerna frå Stødnaelvi. Store delar av Lærdal kommune og Lærdal sentrum er dessutan allereie påverka av vasskraftutbygging i Lærdalselvi. I ”Retninglinjer for små vannkraftverk” frå OED er det vist til at Noreg har forplikta seg til å følgje opp den Europeiske Landskapskonvensjonen som m.a. legg særleg vekt på landskapet der folk bur og arbeider, og der barn veks opp. Å ta vare på naturleg dynamikk i eit så sentralt landskapselement både for fastbuande og tilreisande er difor viktig.

I søknaden vert det vist til at inntaket vert etablert i naturlege fjellkløfter, og at dei difor ikkje vert synlege. Det står og at overføringsleidningen som skal gravast ned vil gro raskt til grunna god bonitet til tross for høgde over havet. Truleg vil denne overføringa verte synleg ei god tid etter utbygging. Også i meir lågareliggjande utbyggingar vil slike grøfter verte synlege ein periode.

Det er og nokre turruter i området. Mellom anna går det ei rute frå Stødno og oppover langs vestsida av elva og opp på fjellet. I fylgje Sogn og Fjordane turlag er Stødnaelvi ein svært vesentleg del av opplevinga på den første delen av denne turen. Vi viser elles til uttale frå turlaget når det gjeld friluftslivsinteresser.

Naturmiljø, biologisk mangfald, verneområde og inngrepsfri område (INON)

Det er registrert to område med spesielle naturkvalitetar i utbyggingsområde. Det eine omfattar ein mosaikk av ulike typar edellauvskog i kulturlandskapet ved Stødno, og har lokal verdi. Det andre området har regional verdi og omfattar Berdalen og utgjer ein del av Stødnomarka. Denne skogen representerer furuskog tilhøyrande ulike aldersgrupper. Dei gamle, grove trea dannar grunnlaget for at området vurderast som verneverdig. Det er verdfullt å sikre restane etter ein slik furuskog. Kombinasjonen gamle, grove dimensjonar og spor etter brann kan ved hjelp av dendrokronologi gje informasjon om klimavariasjonar dei siste 4-500 åra.

Det har og vore registreringar av biologisk mangfald i kommunen, og det vart då registrert ein lokalitet med verdi svært viktig A og to lokalitetar med verdi viktig B. Av desse går elva gjennom den eine lokaliteten med rik edellauvskog (B).

Inntaket og dei øvre delane av påverka elvestrekning ligg i INON sone 2, dvs. 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep, og vil føre til reduksjon også av sone 1 (3-5 km-sona). I søknaden vert det vist

til at inngrepsfrie område vert snevra inn med minimum 1 kilometer. Dette vil dele opp eit større samanhengande område i sone 1. Inngrepet vil ikkje påverke villmarksprega området (> 5 km-sona), men det er svært uheldig at inngrepsfrie område vert oppdelte. Det er villreininteresser i området mellom Lærdal og Årdal. Øvre del av vassdraget er ein del av eit større yngleområde i fjella mellom Lærdal og Årdal. Inntaket ligg ikkje i det området som per i dag er markert som yngleområde, men 0,5-1 km frå. Ev. helikopterflyging, anleggsarbeide og drift må avklarast i høve til villreininteressene før ev. utbygging.

Det vart ikkje registrert raudlista artar i influensområdet, men utgreiinga viser m.a. til at dei rike lauvskogområda gir eit potensiale for varmekjære artar, både i flora og fauna. Det er også ei fossesprøytzone ved elva.

Utgreiinga konkluderer med at verdien til området vert sett til middels til stor verdi. På bakgrunn av desse verdiane vurderer Fylkesmannen at ei utbygging har konflikthar i høve til naturen i området.

Fisk og fiske

Kraftstasjonen er planlagt på anadrom strekning i denne sideelva til Lærdalselvi. Stødnaelvi renn saman med eit anna sidevassdrag rett oppstraums kraftstasjonsområdet. Oppstraums dette samløpet er Stødnaelvi turlagt delar av året men kan likevel ha verdi som oppvekstområde når det er vatn i elva. Fylkesmannen vurderer at søknaden ikkje er godt nok opplyst når det gjeld fiskeinteresser knytt til nedre del av Stødnaelvi, jf. også § 8 i naturmangfaldlova. Før ei ev. utbygging må det gjerast vurderingar av kvalifisert fagmiljø i kva grad fråføring av vatn vil påverke produksjonen/levetilhøva for anadrom fisk.

Ved ei eventuell utbygging må det takast omsyn til gyteperioden, då massar og partiklar i vatnet kan vere særst ugünstig i utsette periodar. Dersom det viser seg at elva er viktig for fisk må det etablerast forbisleppingsventil som, i tillegg til minstevassføringa, vil redusere dei negative konsekvensane ved ei utbygging. Utbyggjar bruker i dag vatn frå elva til vatning og har drikkevassforsyning frå elva. Dette gjer at det i periodar vert enda mindre vatn i nedre del av utbygd strekning. Krav om minstevassføring må ta høgde for slike vassuttak mellom inntak og utslepp frå kraftstasjon.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil verte vesentleg endra av omsøkte tiltak etter ein ev. anleggsfase. Driftsfasen er etter vår vurdering difor lovleg etter ureiningslova. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skadar eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det verte aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare verte erstatningspliktig for ev. skadar/ulempar som følgjer av tiltaket.

Ved ein ev. konsesjon må det leggjast vekt på støydempende tiltak knytt til ev. kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

Landbruk

I søknaden vert det vurdert at utbygginga kan vere positiv for landbruket, og berre gje minimale negative verknadar i byggeperioden. Massane er planlagt lagra på eit område som tidlegare har vore dyrka, men som no består av lauvskog. Grunneigar tek og ut vatn frå elva til vatning, men i søknaden står det at det er tilstrekkeleg med vatn igjen i elva til at det kan halde fram. Utbygginga vil truleg ikkje ha større negative konsekvensar for landbruksdrifta.

Tilråding

Det er positivt ut i frå landskapsomsyn at utbygginga er planlagt med driftvassveg i fjell og at inntaket skal byggast med hjelp av helikopter. Planlagde vassuttak er likevel konfliktfyllt.

Fossen som landskapselement er sentral for Lærdal og har særleg stor verdi for stadidentitet og også verdi for reiseliv og friluftsliv, jf. OED sine retningslinjer for små vasskraftverk. Vidare er det også konfliktar med biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområde og fisk. Fossen som landskapselement er avhengig av vassføringa i elva.

Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve løyve til Stødna kraftverk. Dette særleg av omsyn til Stødna fossen som viktig landskapselement, men det er også verknader og usikre moment knytt til biologisk mangfald og nasjonalt laksevassdrag, jf. § 8 i naturmangfaldlova.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i brev av 2.9.11 gitt følgende uttalelse:

"Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 01.09.2011 som sak 89/11 og det vart gjort slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår frå at det vert gitt løyve til bygging av Stødna kraftverk fordi fordelane av tiltaket vert vurdert til å vere mindre enn ulempene for allmenne og private interesser. Stødna fossen er eit svært viktig landskapselement i bygda som ikkje må endrast gjennom kraftutbygging."

Høgskulen i Sogn og Fjordane har i e-post av 12.6.11 gitt følgende uttalelse:

"Viser til søknader om utbygging av ovannemnde kraftverkprosjekt med høyringsfrist 17.06.2011. Denne høyringsfråsegna gjeld i hovudsak prosjektet "Stødna kraftverk", men ein del generelle synspunkt kan og knytast til tre andre prosjekt i Lærdal kommune med same høyringsfrist: Kvemma kraftverk (reg. nr 6106), Senda kraftverk (reg. nr 4314) og Nivla kraftverk (reg. nr 5381).

Seksjon for landskapsøkologi ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, vil gjerne kome med nokre merknader og innspel knytte til desse omsøkte kraftverksprosjekta.

Det har dei seinare åra vorte auka fokus på små og mellomstore vasskraftprosjekt, både småkraftverk (1-10MW), minikraftverk (100kW-1MW) og mikrokraftverk (inntil 100kW). I Lærdal kommune er det registrert 106 prosjekt gjennom NVE sin kartlegging av moglege småkraftprosjekt, 32 prosjekt vurderte som økonomisk realistiske (under 5 kr/kWh) ("Kommunedelplan for små kraftverk i Lærdal" av Lærdal kommune 2008). Samanlikna med dei store vasskraftutbyggingane på 1960 og 70-talet er omfanget av kvar av desse mindre omfattande, men fører til ein annan type inngrep i naturen med inngrep og infrastruktur i bustadnære område. I samband med dei store vasskraftprosjekta vart det frå 1973 til 1991 gjennom "Samla Plan" gjennomført fire større verneplanprosessar (Verneplan I-IV) som såg nasjonale utbyggingsprosjekt i samanheng og enda opp med ei prioritering av aktuelle vasskraftutbyggingar og verna vassdrag.

Synspunkta på vasskraftutbygging og fornybar energi er mange, spesielt kor viktige små utbyggingar er til regional, nasjonal og internasjonal energiforsyning. Dei aller fleste er samde om at vasskraft er ein viktig fornybar ressurs som må utnyttast, men at både utbygde prosjekt og prosjekt under planlegging må setjast i system og rangerast etter samfunnsnytte kontra inngrep. Elles får ein lett ein uheldig "bit for bit" utbygging av norsk natur med tap av særmerkt natur og kulturlandskap.

I samband med søknad om moglege framtidige kraftverksprosjekt har Lærdal kommune vore framsynte og utarbeidd ein heilskapleg kommunedelplan for utnytting av vasskraftressursane i kommunen. Dei 32 "aktuelle" prosjekta i Lærdal er vurderte ut frå samfunnsinteresser knytte til ulike tema (natur og miljø, landskap, kulturminne, friluftsliv og reiseliv). Ut frå konfliktgraden er prosjekta plasserte i tre hovudgrupper: grøn konfliktgrad, gul konfliktgrad og raud konfliktgrad. I kategorien raud konfliktgrad er det store konfliktar knytte til omtala tema.

Me meiner denne planen må vere svært viktig for tilråding av aktuelle vasskraftprosjekt i Lærdal kommune.

Høgskulen har gjennom fleire tiår arbeidd med natur- og kulturlandskapet i Sogn og Fjordane. Omfattande kulturlandskapsregistreringar frå 1989-93 la grunnlaget for ei fylkesvis og etter kvart nasjonal tilråding. Kulturlandskapet i Lærdal vart i 1994 vurdert som nasjonalt verdifullt som eitt av seks område i fylket (der eitt av desse no utgjer ein sentral del av Verdsarvområdet "Vestnorsk Fjordlandskap" og to er "Utvalde kulturlandskap i jordbruket"). Kulturlandskapet i Lærdal vart så seint som i 2009 nominert som eitt av fire områda til "utvalt kulturlandskap" frå Sogn og Fjordane.

Den europeiske landskapskonvensjonen har som føremål å verne, forvalte og planlegge landskap. Konvensjonen skal medverke til berekraftig lokal og regional utvikling og sikre landskaps-, natur- og kulturverdiar. Miljøkvalitetar i landskapet skal takast vare på og styrkast gjennom auka kunnskap om verdiar og medviten planlegging og arealpolitikk. Den nye plan og bygningslova har i føremålsparagrafen (§-1) sett krav til berekraft og estetisk utforming av omgjevnadane vert ivaretekne i planlegginga. Konvensjonen legg særleg vekt på landskapet der folk bur og arbeider og der barn veks opp. Også den nye naturmangfaldlova er tydeleg på områdevern og set opp mål for ivaretaking og bruk av verdifulle naturelement.

Det er heilt klart at både dei omfattande planlagde (og gjennomførte) kraftutbyggings- og vegutbyggingsprosjekta i kommunen påverkar både natur- og kulturlandskapet. Mellom anna vart natur- og kulturlandskapskvalitetane sterkt vektlagde ved vurdering og fastsetjing av trasé for stamvegen gjennom Lærdal midt på 1990-talet og også for vidare opprusting av E-16 seinare.

Eventuell utbygging av Stødna fossen er plassert i raud konfliktgrad i kommunedelplanen, medan Kvemma, Senda og Nivla plasserte i kategorien gul konfliktgrad. Stødnaelvi med Stødna fossen er eit svært sentralt naturelement i Lærdal. Fossen kan sjåast frå store delar av Lærdalsøyri og Oftaområdet og er viktig for identiteten til den nedre delen av bygda. Dette er ein levande foss som gjennom vekslende årstider skifter uttrykk, både gjennom vassføring, lyd (fossedur) og isdanning. Stødna fossen har stor inntrykksstyrke, er eit dynamisk element som kan opplevast i ulike tilstandar gjennom heile døgnet, heile året.

I konsesjonssøknaden ser ein at utbyggjaren planlegg tidsregulering av vassføringa. I utgangspunktet er fossen stort sett turrlagd, men det er lagt opp til "opningstid" med mistevassføring på dagtid mellom ca 1. mai og 1. oktober. Tidsregulering av vassføring er ikkje uvanleg i utbygde vassdrag, men ein har liten erfaring med slike i så sentrale landskapselement som Stødna fossen. Dei etiske sidene ved utbygging er lite utgreidde. Kva kvalitetar og verdiar vert ofra for kraftproduksjon? Kan vi utan vidare temje og overstyre naturen? Kva med opplevinga til både fastbuande og turistar det meste av døgnet og året i ein periode når dei eigentleg har fri og høve til å oppleve fossen?

Ut frå dette konkluderer me at omfanget kring omsøkt utbygging av Stødnaelvi med Stødna fossen er eit altfor stort inngrep i natur- og kulturlandskapet i Lærdal som vil forringe potensialet som Lærdal har som "nasjonalt kulturlandskap". Me er i all hovudsak samde i vurderingane i "Kommunedelplan for små kraftverk i Lærdal" der prosjektet totalt oppnår raud konfliktgrad med 21 poeng (av 25 mogelege) med maksimal konfliktgrad både på kategoriane "natur- og miljø", "landskap" og "friluftsliv".

I samband med konsesjonssøknad og utbygging har det vore rekna på mange målbare verdiar som kraftproduksjon, investeringar og lønsemd. Det er langt vanskelegare å setje opp eit tilsvarende budsjett for kva verdiar fossen i dag skapar i høve til oppleving, utøving av friluftsliv, reiseliv og rekreasjon. Me trur denne verdien er høg og tilrår ikkje at det blir gitt konsesjon for utbygging av Stødnaelvi med Stødna fossen, sjølv med dei avbøtande tiltaka som er skisserte i konsesjonssøknaden.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har i brev av 15.6.11 gitt følgende uttalelse:

"Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har motteke denne søknaden og har fylgjande merknader: Stødna fossen er ein av dei mest markante fossane i Lærdal og kan kallast eit

kjennemerke både for bygda Lærdal og særleg Lærdalsøyri. Lærdal kommune har utarbeidd ein kommunedelplan for småkraftverk, og i denne planen er fossen plassert i raud gruppe, dvs. mellom dei mest konfliktfylte fossane ut frå omsynet til landskap osv. Her skal ein merke seg at konsesjonssøknaden gjev fossen "middels verdi" ut frå dei same kriteria, noko som er uskjøneleg for oss (ein skal også merke seg at konsesjonssøknaden ikkje nemner denne kommunedelplanen i det heile!).

Det er først og fremst ut frå omsynet til konsekvensane for landskapet vi går mot denne planen. Vassføringa vil bli sterkt redusert i lange periodar og etterlate seg eit "sår" i landskapet. Det heiter såleis i planen at ein vil få "sterkt redusert vassføring mellom inntak og kraftstasjon" og etter utbygging vil det bli betydeleg mindre vassføring i vassdraget". Det vil såleis i lengre periodar med lite vassføring berre bli ei mindre restvassføring på 40 l/sek, og det hjelper lite at vassføringa i sommarmånadene mellom kl. 9 og 17 skal auke til 240 l/sek. Det er for så vidt positivt at vatnet til kraftverket er planlagt å gå i ei sjakt i fjellet, men den reduserte vassføringa vil likevel ha store konsekvensar for landskapet og vår oppfatning og inntrykk av dette landskapet.

Turisme og reiseliv er ei viktig næring i Lærdal. Stødna fossen er eit viktig kjennemerke for landskapet i bygda, og vi trur ei kraftutbygging i fossen vil ha svært uheldige verknader for reiselivet trass i ei viss "opning" av fossen i ferietida om sommaren. Eit kraftverk kan nok gje ein del permanente inntekter til grunneigar(ar) og kommunen og inntekter i anleggstida, men vi trur at dei negative konsekvensane for reiselivet også vil slå ut økonomisk ved å gjere Lærdal mindre attraktiv som reisemål.

Såkalla sumverknader er viktige når ei skal sjå på verknader av kraftutbygging. Når det gjeld omsynet til friluftsliv og biologisk mangfald, vil ei kraftutbygging i dette området kanskje ikkje ha dei mest alvorlege konsekvensane, men det er eit problem at det har vore og er planar om mange kraftutbyggingar i Lærdal. Sumverknadene av alle desse kraftutbyggingane kan såleis bli store sjølv om dei kanskje kvar for seg ikkje vil gjere så stor skade for m.a. omsynet til plante og dyrelivet og friluftslivet for dei som ynskjer å bruke naturen til ymse fritidsaktivitetar osv.

Naturvernforbundet vil såleis på det sterkaste gå mot ei kraftutbygging i Stødna fossen i Lærdal. Denne fossen er så verdfull av mange grunnar at elva og fossen må få "leve" slik den har gjort i tusenvis av år til glede både for lærdølene sjølv og dei som elles vitjar bygda."

Sogn og Fjordane Turlag har i brev av 5.7.11 gitt følgende uttalelse:

"...

Friluftsliv i det aktuelle området:

Ei av dei aller viktigaste turrutene frå sentrumsområdet i Lærdal og opp på fjellet, går frå Stødno og oppover langs vestsida av elva. Stødna fossen er ein svært vesentleg del av opplevinga på den første delen av denne turen. På NVE-Atlas, ved bruk av bakgrunn N50, finn ein delar av hovudturrutene stipla. Viss ein går inn på www.fylkesatlas.no, vil ei finne ei noko meir omfattande markering av aktuelle turruter i området. Fleire av rutene er merka, men ikkje alle. Vi har kjennskap til at det vert arbeidd med å utvide merkinga til å omfatte fleire ruter.

For meir informasjon om turruter, viser vi til Lærdal Turlag si fråsegn. For å unngå mistyding, må vi likevel kome med ei presisering: Når Lærdal Turlag skriv "På austsida går det og turveg til Lusahus - Berdalsstølen, - -", så er denne ruta felles med ruta til Åsestølen frå Stødno og oppover, på vestsida av elva til omlag kote 200. Så tek ruta til Lusahus og Berdalsstølen av mot nordaust, kryssar elva omlag ved kote 400, og går deretter på austsida av den, sjå NVE-Atlas og Fylkesatlas.

Generelle kommentarar til konsesjonssøknaden:

Denne konsesjonssøknaden er, i motsetning til dei fleste andre vi har hatt til vurdering gjennom åra, uvanleg sterkt prega av det vi vil kalle grove feil, manglar og "merkelege" vurderingar/påstandar.

Vi skal kome med nokre døme:

Døme 1: Frå side 14 i konsesjonssøknaden siterer vi følgjande:

"2.6 Forholdet til offentlige planer og nasjonale føringar

2.6.1 Kommuneplan og andre offentlige planer

Området er ikke regulert."

Kommentar til døme 1: Det suverent viktigaste plandokumentet som ein småkraftutbygger i Lærdal kommune har å forholde seg til, er "Kommunedelplan for små kraftverk", vedteken av Lærdal kommunestyre 13.11.2008. Planen er god (sjølv om vi ikkje er 100 % einige i absolutt alt som står i den), og den er etter vår vurdering den beste av sitt slag i Sogn og Fjordane. Det skulle ikkje undre oss om den er ein av landets beste også, men der har NVE best oversyn. Planen er etter vårt syn grundig og god å forholde seg til, både for utbyggerar, høyringsinstansar og NVE. Mellom anna omhandlar den heilt konkret Stødna kraftverk. Link til planen på Lærdal kommune sine nettsider:

<http://img7.custompublish.com/getfile.php/1402077.1657.srypqwfsyw/L%C3%A6rdal+kommune+-+Kommunedelplan+for+sm%C3%A5+kraftverk.pdf?return=www.laerdal.kommune.no>

I konsesjonssøknaden er ikkje denne heilt sentrale planen nemnd med eitt ord, noko vi vil karakterisere som ein grov mangel ved søknaden! Grunnen til denne grove mangelen, kjenner vi ikkje, men det er vel enten:

- At utbyggerane ikkje har kjennskap til planen, aldri har høyrte om den, og dermed manglar noko av den mest elementære kunnskapen ein småkraftutbygger i Lærdal må ha. Eller:
- At utbyggerane heilt bevisst, med vitande og vilje, har "halde kjeft om" planen, for å vise ei form for "forakt" for eit sentralt kommunestyrevedtak, og/eller for å prøve å hindre at NVE skal få kjennskap til at Stødna kraftverk er "raudlista" i planen. Eller:
- Kan det vere andre årsaker?

Vi ber NVE krevje at søkjarane gir ei skikkeleg forklaring på kvifor den viktige og høgst saksrelevante kommunedelplanen ikkje er omtala i konsesjonssøknaden!

Innanfor temaet "nasjonale føringar", er OED sine "Retningslinjer for små vannkraftverk" frå juni 2007, eit heilt sentralt dokument. Heller ikkje det er nemnt i søknaden.

Eit anna viktig plandokument som ikkje er nemnt i konsesjonssøknaden, er "Reiselivsplan Sogn og Fjordane 2010 – 2025". Når ein ønskjer å bygge ut den mest kjende og mest synlege fossen i ein av dei viktigaste reiselivskommunane i fylket, er dette også eit høgst aktuelt plandokument.

Døme 2: Frå side 18 i konsesjonssøknaden hentar vi følgjande som skal vere del av eit Samandrag frå Biologisk mangfald-rapporten:

"3.4.1 Oppsummering

Området vurderes til middels verdi når det gjelder temaene; naturtyper (naturtyper/viltområder/ferskvannslokaliteter); forekomst av rødlistede arter; forekomst av truede vegetasjonstyper og forekomst av inngrepsfri/sammenhengende naturområder."

Det som verkeleg står i Aurland Naturverkstad sin rapport, er dette:

"5.6 Konklusjon – verdi

Det er allereie registrerte tre lokalitetar av verdi for det biologiske mangfaldet. Den gamle barskogen med verdi Svært viktig- A ligg utanom influensområdet til utbygginga, men elva skjærer gjennom den eine av dei to lokalitetane med verdi Viktig- B. Potensialet som dei to rike lauvskogområda representerer for andre varmekjære artar, både i flora og fauna, kalkindikatorane i elvekanten, den rike furuskogen, fosserøyksona samt fossen si rolle i landskapsbilete vert verdien av område sett til middels til stor verdi.”

Kommentar til dømme 2: Her har altså konsesjonssøklarane nedjustert Aurland Naturverkstad si verdivurdering ”middels til stor verdi” til ”middels verdi”. Dette er vel kvalifisert til karakteristikken ”forfalsking av opplysningar”, er det ikkje det?

Dømme 3: *Sitat frå side 4 i konsesjonssøknaden*

Stødna kan sammenlignes med flere andre elver i området. Den berørte delen av vassdraget ligger under tregrensen og består hovedsakelig av et meget bratt område hvor det hovedsakelig er stupbratte fjell. Øvrige nedbørfelt vil hovedsakelig ha tilsvarende natur og topografi.”

Til samanlikning med det som står i konsesjonssøknaden, siterer følgjande vi frå side 18 i Aurland Naturverkstad sin rapport:

”6.2 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Lærdal kommune har nokre vassdrag av liknande storleik og plassering i terrenget, men sjølve fossefallet er eineståande visuelt tilgjengeleg og i storleik”

Kommentar til dømme 3: Utbyggerane har altså valt å ikkje nemne den eineståande fine Stødna fossen med eitt ord! Kvifor det?

Dømme 4: *Sitat frå nedst på side 8 i konsesjonssøknaden:*

”Avløpsvannet slippes tilbake til der den anadrome delen av Stødnaelvi begynner, gjennom et nedgravet rør over jorden på Stødno.”

Nytt sitat frå side 14 i konsesjonssøknaden:

”2.6.4 Nasjonale laksevassdrag

Prosjektet berørte ikke elvestrekning hvor det går anadrom fisk.”

Kommentar til dømme 4: Desse sitata ”heng ikkje i hop”. Alle som veit noko om slike utbyggingar, veit at ved bråstopp i kraftstasjonen, så vil dette i høgste grad berøre elvestrekninga nedanfor. (Viss ikkje omløpsventil er installert.) Det er i sitat 1 opplyst at dette er ei anadrom elvestrekning.

Dømme 5: *Frå omtalen av verknadane av utbygginga, hentar vi følgjande sitat frå siste avsnitt i punkt*

3.7 Landskap:

”Etter utbyggingen vil det bli en betydelig mindre vannføring i vassdraget. Som vist i kapittel 2.2 – Hydrologi, figur 1 vannførings og varighetskurve, kan en se at elva vil få et overløp fra inntaket i cirka 8- 10 uker av året. Restfeltet på 3 km² vil bidra med en restvannføring på rundt 40-50 liter per sekund, og bidra til noe vann i fossen, mens minstevannføringa sikrer at det visuelle inntrykket blir intakt og uforandret på dagtid om sommeren (se også Vedlegg 4 og 5 – bilder).”

Til samanlikning siterer vi følgjande frå Samandraget på side 3 i Aurland Naturverkstad sin rapport:

”Stødna fossen er eit høgt og enkeltståande fossefall, godt synleg på lang avstand og eit naturleg blikkfang i landskapsrommet, nordaust for Lærdalsøyri.”

Ytterlegare til samanlikning siterer vi følgjande frå Rådmannen si saksutgreiing til kommunepolitikarane i Lærdal:

[...]

Kommentarar til dømme 5: I omtalen av landskapsverknaden av Stødna kraftverk har utbyggerane her greidd det "kunststykket" å berre så vidt antyde verknaden utbygginga av Stødna fossen vil ha på landskapet i Lærdal. Og dette dreiar seg altså om det som vert kalla "slipset", eller "smykket" i sentrumsdelen av Lærdal, "eit av dei absolutt viktigaste landskapselementa Lærdal har." Ein foss som knapt nokon som har reist gjennom Lærdal har unngått å legge merke til viss vêret har gjort at den er synleg. I tillegg presterer konsesjonssøkjaren å skrive følgjande: "mens minstevannføringa sikrer at det visuelle inntrykket blir intakt og uforandret på dagtid om sommeren". Påstanden er altså at slepping av omlag 40% av Middelvassføringa 8 timar i døgnet er nok til å sikre at det visuelle inntrykket av fossen er uforandra på dagtid om sommaren!!!

Med bakgrunn i dei meir enn 100 småkraftsøknadane vi har gjennomgått sidan 2004, kunne det vere freistande å kome med samanlikningar og karakteristikkar av ein slik påstand. Men vi skal ikkje gjere det. I staden vil vi kome med ei oppmoding til NVE om å vurdere om ikkje denne konsesjonssøkjaren treng utvida opplæring/rådgjeving når det gjeld skriving av konsesjonssøknader. Ingen, verken NVE, kommunar og andre høyringsinstansar, og omdømmet til småkraftutbyggerar generelt, er tente med konsesjonssøknader som ikkje held fagleg godt nok mål i omtalen av konsekvensane av kraftutbyggingar!

Dømme 6: Vi kjem her med 2 sitat frå side 21 i konsesjonssøknaden:

"3.11 Brukerinteresser

Området blir i dag hovedsakelig benyttet av grunneier(ne), men området er åpent for allmenn ferdsel. Av brukerinteresser er området benyttet av både grunneierne samt fastboende i kommunen og tilreisende til hhv friluftaktiviteter, bærplukking, landbruk, skogbruk og jakt."

Sitat 2:

"Utbygger mener at inngrepet ikke vil gjøre området mindre attraktivt verken mht allmenne brukerinteresser som friluftinteresserte, jakt, fiske, bærplukking, friluftsliv, etc."

Sitat frå Rådmannen i Lærdal si saksutgreiing:

[...]

Kommentarar til dømme 6: Dette særskilte attraktive turområdet hevdar utbyggerane at "blir i dag hovedsakelig benyttet av grunneier(ne)". Vi har all grunn til å tru at grunneigarane er aktive friluftsfolk og brukarar av området. Men viss påstanden i konsesjonssøknaden skal vere rett, må det jo bety at grunneigarane aleine brukar området meir enn alle andre innbyggjarar i Lærdal + tilreisende gjer til saman! Vi ber NVE vurdere kor samnsynleg det er at utbyggerane sin påstand stemmer. Vår vurdering, ut frå dei opplysningane vi har, er at ålmenta sin samla bruk av området er mykje meir omfattande enn grunneigarane sin bruk, og at påstanden i konsesjonssøknaden derfor ikkje stemmer!

Når det gjeld påstanden i Sitat 2 ovanfor, så ber vi NVE vurdere den. Vår vurdering er at naturoppleving for dei fleste er ein vesentleg del av friluftslivet, og at utbygging av den flotte Stødna fossen vil gjere turar i dette området klårt mindre attraktive.

Informasjon om "Kommunedelplan for små kraftverk" for Lærdal kommune:

Sidan konsesjonssøknaden er så mangelfull at den ikkje omtalar denne viktige og saksrelevante kommunedelplanen med eitt ord, vil vi kome med ei kort omtale som del av vår høyringsfråsegn.

Kommunedelplanen omtalar 32 konkrete utbyggingsprosjekt. Av desse har 11 fått Grøn konfliktgrad (konfliktnivået er lågt). 14 prosjekt har fått Gul konfliktgrad (konfliktnivået er middels). 7 prosjekt har fått Raud konfliktgrad (konfliktnivået er stort).

Stødna(fossen) kraftverk er konkret vurdert i Kommunedelplanen, og er eitt av dei 7 prosjekta som har fått Raud konfliktgrad. Prosjektet har fått 21 "konfliktpoeng", og er vurdert som det 3. mest konfliktfylte av dei 7 "raude" prosjekta. Kopi (med litt endra redigering) av omtalen av prosjektet:

[...]

Våre kommentarar: Vi støttar fullt ut den omtalen prosjektet har fått i Kommunedelplanen. Prosjektet er så kontroversielt at det fullt ut forsvarar plassen sin i Raud konfliktgrad! Stødna fossen bør absolutt ikkje byggast ut, den er for viktig for identiteten til Lærdalsøyri til det!

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Som NVE kjenner til frå andre fråsegner vi har skrive, legg vi i dei fleste småkraftsaker stor vekt på å vurdere om det i kontroversielle saker kan finnast alternative utbyggingsløyningar og avbøtande tiltak som kan redusere konfliktnivået. I denne saka har vi valt å ikkje gjere det. Utbygginga er altfor kontroversiell! Vi ser ikkje noko håp om at det kan gjerast store nok forbetringar til at ei utbygging kan bli akseptabel. I alle fall ikkje viss utbygginga skal bli økonomisk akseptabel. Dette er rett og slett ei heilt opplagd Nei-sak, noko som også går svært tydeleg fram av Kommunedelplanen! Vi forstår faktisk ikkje at nokon i det heile kan finne på å konsesjonssøke ei slik utbygging!

Turlaget sitt syn på utbygginga:

I Sogn og Fjordane Turlag går vi så sterkt vi kan, mot at NVE gir konsesjon til denne utbygginga! Enkelte fossar er så verdfulle at dei absolutt ikkje bør byggast ut. Stødna fossen, "slipset" eller "smykket" i Lærdal som den også vert kalla, er ein slik foss. Den bør få renne fritt også i framtida til glede for både noverande og framtidige innbyggjarar og besøkande i turistkommunen Lærdal!

Dette er ei dyr og lite lønsam utbygging. Det finst etter vårt syn ingen tvil om at ulempene for dei almenne interessene er større enn fordelane ved akkurat denne utbygginga.

... "

Lærdal Turlag har i e-post av 21.6.11 gitt følgende uttalelse:

" ...

Litt om friluftsliv i det aktuelle område:

Stødnaåsen er, både sommar og vinter, eit svært viktig område for friluftsliv. Nordsida er solsida, der snøen og isen reiser tidleg om våren og trimturane kan byrje svært tidleg. Frå Hedlerbrua går det merka turveg frå Jektesanden- Mjølkeflaten - Stødno. Vidare opp ved fossen på vestsida til Åsestølen - Fagerset - Fodnes. På austsida går det og turveg til Lusahus - Berdalsstølen, der ein kan gå vidare over Muleskar til Oftedalen og nedatt attmed Ofta og ned til Sjukehuset. Frå Berdalen kan ein og gå til Kvittingsmorki og ned til Sagi ved Årdalsfjorden.

Turlaget har ein merka turveg frå Sviggum - Storehaugen - Hågnåsen - Habben (ved kaien). Stødna fossen er svært synlig på denne ruta.

Kommentarar til utbygginga:

Stødna fossen er eit sterkt identitetssymbol for lærdølene, og må ikkje verta redusert til ein av/påfoss. Me er skeptiske til om ei utbygging vil få så små visuelle verknader som utbyggjar framstiller.

Lærdal turlag minner om at prosjektet er plasert i raud sone i "Kommunedelplan for små kraftverk", og me vil gå mot at Stødna fossen vert utbygd."

I etterkant av NVEs sluttbefaring varslet søker NVE i e-post av 23.11.11 at det ville innsendes en alternativ plan for utbygging. Alternativet er heretter kalt "reduisert alternativ". I brev av 23.3.12 har Stødna Kraft AS kommet med følgende reduserte alternativ for Stødna kraftverk:

"Vi viser med dette til opprinnelig konsesjonssøknad datert februar 2011, og til befarings i september 2011. Med bakgrunn i de høringsuttalelsene fra Lærdal kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har vi funnet det nødvendig å presentere et alternativ hvor fossen ikke blir berørt.

En studie viser at man kan utnytte fallet under Stødna fossen fra ca kote 135 moh og ned til ca kote 8 hvor terrenget har flatet ut. Dette alternativet har vi tegnet inn på vedlagte kart og hvor aktivt nedbørfelt blir 16,3 km² og med en spesifikk avrenning på 35 l/s/km² som gir en middelvannføring på ca 0,57 m³/s.

Produksjonssimuleringer viser at dette kan gi ca 4,0 GWh per år og med en estimert utbyggingskostnad (NVE 2007) på drøyt 18 mill kr så har vi en spesifikk utbyggingskostnad på 4,54 kr/kWh. For mer informasjon se vedlagte dokument.

Konsekvensene for dette reduserte alternativet blir betydelig mindre totalt sett og for den mulige anadrome fiskestrekningen så kommer avløpet fra alternativ kraftstasjon ca. 200 m ovenfor avløpet til det opprinnelig planlagte avløpet som indikert på vedlagte kart. Denne delen av elva renner på morenegrus og ved små vannføringer tørker elva gjerne helt ut på hele denne strekningen. Av den grunn kan elva ikke sies å være noen gytstrekning all den tid all rogn som blir lagt her risikerer å tørke ut.

Som avbøtende tiltak for begge alternativene er grunneier villig til å holde kraftverket åpent for omvisninger.

Med dette opprettholder vi den opprinnelige løsningen som et hovedalternativ og man kan se dette under fossen som en alternativ løsning. ..."

Hoveddata for det reduserte alternativet finnes i hoveddatatabellen under avsnitt "Søknad" foran på s. 3. Redusert alternativ ble sendt på høring til de som ga uttalelse til hovedalternativet for utbygging. Høringsuttalelsene har vært forelagt søkeren for kommentar. NVE var på befarings i området den 4.10.12 sammen med representanter for søker, Lærdal kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane og studenter fra Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Lærdal kommune har fattet følgende vedtak den 21.6.12:

"Kommunestyret stiller seg positiv til alternativ om redusert utbygging av Stødno kraftverk, med fylgjande merknadar:

- Inntaket må vera plassert under synleg del av elva, slik det viktige landskapselementet Stødno fossen/elva ikkje vert øydelagd. Røyrгатetraseen bør opparbeidast så skånsomt som mogleg, slik at den ikkje vert synleg frå dalføret.*
- Tek atterhald i at anleggsvegen vert godkjend som ein landbruksveg (denne saka er ikkje handsama enno).*
- Kommunen krev at det vert gjort kartlegging av biologisk mangfald i det råka området og kartlegging/prøvefiske av anadrom fiskestrekning i nedste del av elva, før det vert teke endeleg avgjerd i saka.*

...

- Bruk av stadeigen masse skal greiast ut."*

Vi siterer fra saksutredningen:

” ...

Vurdering

Administrasjonen meiner det nye alternativet er ei betydeleg redusert utbygging av Stødno Kraft AS, med mindre konsekvensar enn hovudalternativet. Ein ser og at utbygginga vil vera noko sårbar for tilleggskostnader, då utbyggingskostnaden allereie er relativt høg.

Når det gjeld landskapselementet Stødnofossen, er denne svært viktig i Lærdal, og må ikkje øydeleggjast på nokon måte. Det er difor viktig at også det reduserte alternativet tek omsyn til dette, slik at inntaket under fossen vert plassert så langt ned, at det ikkje vil påverke synleg del av elva. Sjølv om røyrgata berre midlertidig vil vera open, er det og viktig at denne vert opparbeida så skånsomt som mogleg, slik at den vert minst mogleg synleg frå dalen.

Anleggsvegen som er planlagd i sløyfer opp til inntaket, er søkt om som ein landbruksveg (for skogshogst). Denne søknaden er ikkje handsama på landbrukskontoret enno. Denne saka bør handsamast ferdig før endeleg avgjerd vert teke i kraftverksaka, då det kan vera viktige omsyn som kjem fram når det gjeld landskapsomsyn, biologisk mangfald osv. Det er viktig at ein under eventuell bygging av anleggs-/landbruksvegen nyttar stadeigen masse.

Vurdering etter Naturmangfaldlova:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Det er registrert ein viktig naturtype av ”rik edellaauvskog” i området aust for Stødnaelva. Denne har fått verdi B (regional verdi – viktig). Det er gjort lite kartlegging på biologisk mangfald i området som no vert berørt av anleggsveg og røyrgate (nedgreven), og ein kan difor ikkje seie med sikkerheit at biologisk mangfald ikkje vert råka av utbygginga.

Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert til å ikkje vera godt nok, og me vil difor rå til at det vert gjort utgreiingar på biologisk mangfald i utbyggingsområde, spesielt for å kartleggje om det kan vera fossesprøytavhengige artar i området. Det er og usikkert kor mykje av nedste del av elva som er anadrom fiskestrekning. Sjølv om avlaupet no er flytta 200 m lenger opp, må det gjerast kartlegging/prøvefiske i elva før endeleg vedtak i saka vert gjort. Det er gjort kartleggingar på viktige gytestadar i sideelvene til Lærdalelva, her vart Stødnoelva registrert som ein viktig gytestad for anadrom laksefisk.

§ 9 Føre-var-prinsippet:

Det kan vera at utbygginga kan ha negative konsekvensar for artar me ikkje veit om, då delar av området ikkje er kartlagd. Dersom det ikkje vert stilt krav til slike kartleggingar, bør det setjast krav til ei minstevassføring, som sikrar overlevelse av raudlisteartar som kan befinna seg langs elvestrekningen, og som oftast er fukt- og/eller fossesprøytavhengige. Det bør og gjerast tiltak nedst i elva for å hindra fiskedød i elva, ved plutselig stopp i kraftveket.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:

Når det gjeld INON (inngrepsfrie naturområde), vil tiltaket ikkje føre til ein reduksjon i desse områda, og dermed ikkje auke den samla belastninga på slike område.

§ 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar:

Kostnadane av avbøtande tiltak som vert pålagt utbyggjar skal berast av utbyggjar. Dette kan vera auka minstevassføring, fleire undersøkingar/analysar, helikopterdrift i staden for vegtilkomst osv.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode:

Det er positivt at utbyggjar kjem fram til eit alternativ som er betydeleg redusert i høve det fyrste alternativet. Den reduserte utbygginga vil føre til at ein mindre del av naturmiljøet vert

råka. Det er og positivt at kraftilinja er planlagt som nedgreven jordkabel i staden for i luftlinje, både av omsyn til naturmiljøet (konsekvensar for fugl) og landskapsmessig.

Administrasjonen stiller seg positiv til dette alternativet, med dei merknadane som er nemnt over. Viser elles til uttale frå kommunen til hovudalternativet, som kommunen er i mot."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i brev av 2.5.12 gitt følgende uttalelse:

"...

Bakgrunn

Stødna Kraft SUS har med bakgrunn i fråsegna frå Lærdal kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane funne det naudsynt å presentere eit alternativ utan fråføring av vatn frå Stødna fossen. Dei nye planane vil nytte vatnet mellom kote 135 og omkring kote 8. Inntaket er planlagt under Stødna fossen og utløpet rett nedanfor brua over Stødnaelvi. Driftsvassvegen vert ei nedgraven røyrgate langs austsida av Stødnaelvi. Middelvassføring er 0,57 m³/s, og dette vil gje ein årleg produksjon på ca. 4,0 GWh.

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere saka opp i mot allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepfrie område, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer vi meldingar og søknader etter lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova skal leggjast til grunn ved handsaming og vurdering/avgjerder etter særlovene.

Landskap og friluftsliv

Dei landskapsmessige konsekvensane av dei nye planane har vorte vesentleg redusert i forhold til dei opphavlege planane. Dei viktigaste konsekvensane for landskap no vert at 828 meter av elva får redusert vassføring og at det mellombels vil verte ein ope trase i terrenget der røyrgate vert nedgraven. Røyrgatestraseen vert noko uheldig for landskapsbiletet under fossen. Det vil ta fleire år før vegetasjonen er tilbake til slik han er i dag, men sidan dette er mellombels meiner vi inngrepet kan akseptast.

Naturmiljø, biologisk mangfald, verneområde og inngrepsfrie områder (INON)

Konsekvensane av den nye plasseringa av inntaket er lite opplyst i søknaden, og det har etter våre opplysningar ikkje vorte utført undersøkingar i dette området. Difor bør det utførast undersøkingar (av ekspertar) av fossesprøytsone rundt inntaksområdet. I tillegg er det ein kulp/basseng nedanfor fossen kor det er mogleg å bade. Inntaket må konstruerast slik at det ikkje kjem i konflikt med dette bassenget.

Utbygging kjem ikkje i konflikt med noko verneområde og vil ikkje påverke inngrepsfrie område. Det er ikkje registrert verdifullt biologisk mangfald eller raudlista artar i influensområdet.

Fisk og fiske

I forhold til dei opphavlege planane vert konsekvensane av dette reduserte alternativet mindre. Likevel er det fortsatt knytt ei viss usikkerheit til anadrom strekning og om fisk nyttar elva ovanfor det nye avlaupet. Vi meiner difor at det må gjerast eit enkelt prøvefiske av elva frå samløpet med elva nedanfor, og fysisk vandringshinder ovanfor, planlagde utløp for det vert fatta vedtak i saka. Vi føreset at utløpet frå kraftstasjonen vert plasserast ovanfor strekninga nytta av laks og sjøaure.

Lærdalsvassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag og har stor nasjonal verdi. Difor må det visast omsyn til desse verdiane når ein gjer inngrep i elva eller sideelvane. Vi meiner det kan

vere naudsynt med ein omløpsventil i kraftstasjonen for å hindre stranding og død av fisk ved brå stans i kraftstasjonen. Omkring 100 m nedanfor det planlagde utløpet renn ei lita elv frå aust saman med Stødnaelvi. Vi har ikkje hydrologiske data for denne elva, men det er mogeleg vassføringa frå denne kan gjere at det ikkje er naudsynt med omløpsventil. Dersom det vert gjeve konsesjon til bygging av kraftverket bør NVE vurdere behovet for omløpsventil.

Når det gjeld ureining, vasskvalitet, støy og landbruk vil vi vise til vår tidlegare fråsegn datert 15.09.2011.

Tilråding

Fylkesmannen vurderer at det nye og reduserte alternativet til utbygginga av Stødna kraftverk er akseptabelt med omsyn til allmenne interesser, og at tiltaket er lovleg etter ureiningslova og lakse- og innlandsfiskelova. Vi føreset at utløpet frå kraftstasjonen vert plassert ovanfor strekninga nytta av laks og sjøaure. Ved ei ev. utbygging må det leggjast vekt på skånsam utføring, god terrengtilpassing og minst mogleg inngrep. Det må takast omsyn til vegetasjon i området og kantvegetasjon må ikkje fjernast, jf. § 11 i vassressurslova.

Konklusjonen i vår fråsegn til opphavleg søknad og hovudalternativet datert 15.09.2011 står framleis ved lag.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i brev av 28.6.12 gitt følgende uttalelse:

”Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 27.06.2012 som sak 86/12 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelane ved den planlagde utbygginga til å vere marginalt større enn ulempene, og rår til at løyve vert gitt.
2. Det er ein klar føresetnad at inntaket til kraftverket vert plassert slik at Stødna fossen sin verdi som landskapselement ikkje vert redusert.”

Vi siterer følgende fra saksutredningen:

”...

7. Fylkesrådmannen si vurdering. Ev. forslag om nye avbøtande tiltak.

Fordelane ved tiltaket er knytt til energiproduksjon (4,0 GWh/år). Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygging av inntak, graving og tildekking av rørgate i bratt terreng, bygging av kraftstasjon, utløp i elva og redusert vassføring i elva på utbyggingsstrekninga.

Landskap, friluftsliv og reiseliv

Inntak og rørgate skal byggast i bratt terreng med grove steinmassar nærast elva. Det vil bli krevjande å få rydda dette etter at rørgata er lagt. Det vil bli synlege inngrep over mange år. Det er vanskeleg ut frå det materialet som ligg føre å vurdere om plasseringa av det nye inntaket verkeleg er slik at fossen vert bevart som landskapselement. I Lærdal kommune si saksutgreiing er det sagt m.a. dette:

”Administrasjonen meiner det nye alternativet er ei betydeleg redusert utbygging av Stødno Kraft AS, med mindre konsekvensar enn hovudalternativet. Ein ser og at utbygginga vil vera noko sårbar for tilleggskostnadar, då utbyggingskostnaden allereie er relativt høg. Når det gjeld landskapselementet Stødno fossen, er denne svært viktig i Lærdal, og må ikkje øydeleggjast på nokon måte. Det er difor viktig at også det reduserte alternativet tek omsyn til dette, slik at inntaket under fossen vert plassert så langt ned, at det ikkje vil påverke synleg del av elva. Sjølv om rørgata berre midlertidig vil vera open, er det og viktig at denne vert opparbeida så skånsomt som mogleg, slik at den vert minst mogleg synleg frå dalen.”

Fylkesrådmannen støttar desse vurderingane.

Kulturminne og kulturmiljø

Det føreligg ikkje oversikt om automatisk freda kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltak i samband med utbyggingsplanen. Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. Lov om kulturminne § 9, må gjennomførast.

Stødnafossen er eit godt synleg og viktig landskapselement i Lærdal. Elvar, fossar og stryk utgjer ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet både for tilreisande og fastbuande. Sjøelve fossen og elva nedanfor, går her mest i eitt og som landskapselement heng dei saman og er ein viktig del av landskapsbiletet. Med redusert vassføring i elva, vil det planlagde tiltaket påverke dei opplevingsverdiane som i dag er knytt til kulturlandskapet på ein negativ måte.

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid (etter år 1537) vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

Ved ei ev. utbygging, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synlege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøfter.

8. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen viser til eigne vurderingar under tema landskap, friluftsliv, reiseliv, og kulturminne/kulturmiljø og meiner at fordelane ved tiltaket som foreslått totalt sett berre vil bli marginalt større enn ulempene for allmenne og private interesser. Utbyggingsprisen er høg og inngrepa relativt store. Fylkesrådmannen rår til at løyve vert gitt, men med ein klar føresetnad om at inntaket til kraftverket vert plassert slik at Stødnafossen sin verdi som landskapselement ikkje vert redusert.”

Høgskulen i Sogn og Fjordane har i brev av 21.6.12 gitt følgende uttalelse:

” ...

Innleiingsvis vil me vise til den førre høyringsfråsegna vår til den opprinnelege løysinga. Me går framleis ut frå at “Kommunedelplan for små kraftverk” utarbeidd for Lærdal er retningsgjevande for handsaming av utbygging av vasskraft i Lærdal. Her har Stødnafossen kraftverk 21 poeng, og endar på raud konfliktgrad. Dette er ein vurdering som er gjort etter verdien til vassdraget på ulike tema, og noko fristilt detaljerte utbyggingsalternativ.

Arbeidsgruppa med konsulent burde ved revisjon av denne planen vurdere ny konfliktgrad ved denne konkrete utbygginga. Me tolkar framleis at ei utbygging av Stødnafossen har høg konfliktgrad både på natur og miljø, friluftsliv, reiseliv og kanskje spesielt på landskap.

Stødnafossen er eit så sentralt landskapselement i nedre Lærdal med direkte innsyn for svært mange i tettstaden. Det er svært viktig at landskapskvalitetane her blir forvalta på ein best mogeleg måte. I utbyggingssamanheng må me også definere kva element som inngår i fossen. Vasstrengen har både frittfallande delar, parti på nake svaberg og eit nedslagsfelt og avrenning vidare i elva. Nedslagsfeltet er også ein sentral del av fossen, der m.a. fosserøyk og fallande is om vinteren gjer at ein vanskeleg får etablert permanent dekkande vegetasjon.

Når det gjeld dei konkrete planane vil me kommentere detaljeringsgraden i planutkastet. Me føler at planen ikkje er detaljert nok og viser til eventuelle konkrete inngrep i det aktuelle området. Inntakskoten er omtrentleg (ca 135 m) og alle tekniske inngrepa presentert i ein for liten målestokk.

Som lesar av planen er me i tvil om inngrep både i inntaksområdet og framføring av anleggsveg/røyrgate i dette sårbare terrenget. I oversikt over utbyggingskostnader står det nemnt “inntak”, men er dette bygging av ein betongdam/demning? Inneber bygging av røyrgate opparbeiding av fjellskjeringar og fyllingar? Vil røyrgata i ettertid fungere som tilkomstveg til

inntaket? Planen gjev ikkje konkrete råmer for dette eller avbøtande tiltak og får såleis diverre eit omtrentleg uttrykk.

I forrige plan var det fokus på minimale inngrep. Rørgater skulle opparbeidast med høg presisjon med tilnærma usynlege spor i terrenget. Er det ikkje mogeleg å nytte sama presisjonsteknikk her, td ved å framføre siste del av ei eventuell rørgate i massivt fjell?

Fagmiljøet vil såleis kome med desse konkret innspela:

- 1. Det er positivt at det blir utarbeidd eit framlegg om redusert utbygging av Stødna fossen basert på innkomne høyringsframlegg. Stødna fossen er eit landskapselement med høg verdi for svært mange brukargrupper.*
- 2. Vasstrengen i fossen har ulike delar inkludert nedslagsfeltet. Det må ikkje opparbeidast permanente inngrep i bassenget like under den frie delen av fossefallet. Her må det også utførast undersøkingar av artar knytt til fossesprøytsona før det kan gjerast tiltak.*
- 3. Planteikningane med beskrivelsar er for unøyaktige til å vurdere detaljane tiltaket. Det må utarbeidast ein meir detaljert plan. Det verkar som om inntaket og framføring av tekniske inngrep (inntak, rørgate/anleggsveg) framleis ligg høgt og blir svært tydelege i dette sårbare landskapsrommet. Inntaket må senkast ytterlegare.*
- 4. Konsekvensar og avbøtande tiltak må gjerast mykje tydlegare. Planen gjev framleis rom for mange detaljløysingar.*
- 5. Øvre inntak burde evt. skje gjennom (skjult) rørgate i fast fjell. Permanente inngrep må ikkje utførast over områda der skogsvegetasjon på sikt kan dekke landskapssåra."*

Sogn og Fjordane Turlag har i brev av 20.4.12 gitt følgende uttalelse:

" ...

Vi viser til det Lærdal Turlag og vi sjølv skreiv i fråsegnene våre i 2011. I tilknytning til søknaden om redusert utbygging, vil vi i tillegg nemne at den viktige turstien vi omtala der, går nær ved vestsida av elva opp til om lag kote 120. (Sjå kartet nedst på side 2 i tilleggssøknaden.) Elva er også nedanfor fossen eit viktig landskapselement på denne strekninga. Vi vil i tillegg peike på at sjølv om rørgatetraseen kjem på austsida av elva, og dermed ikkje kjem i nokon som helst fysisk konflikt med turstien, så er terrenget slik at rørgatetraseen vil føre til ganske omfattande og godt synlege naturinngrep i eit frå før nesten urørt område. Trass i at sjølve fossen etter det reduserte utbyggingsalternativet får renne fritt, vil det dermed framleis bli betydeleg visuell konflikt med friluftslivet.

Kommentarar til dei reduserte utbyggingsplanane:

Det er i den reduserte utbyggingsssøknaden lagt opp til ei slukevne i kraftstasjonen på 250 % av middelvassføringa. Dette er ei ganske "knallhard" vassutnytting for eit småkraftverk, og vil føre til at elva nedanfor fossen berre vil renne med minstevassføring det meste av året. Viss NVE skulle vurdere å gje løyve til den reduserte utbygginga, må det stillast store krav til best mogeleg kamuflering av inntaksdammen gjennom bruk av naturstein. Vidare må inngrepa frå rørgatetraseen gjerast så små som på nokon måte mogeleg. Av omsyn til anadrom fisk, må det installerast omløpsventil i kraftstasjonen.

Kommentarar til verknadane av den reduserte utbygginga:

Som vi skreiv i fråsegna vår av 05.07.2011, er Stødna fossen eit overmåte viktig landskapselement i Lærdal. Som det går fram av fotoet i den fråsegna, er også den delen av elva som er nedanfor fossen, godt synleg! I tillegg er det stor fare for at både inntaksdammen og rørgatetraseen vil bli svært godt synlege i landskapet. Spesielt rørgatetraseen blir det svært vanskeleg å "kamuflere".

Sjølvs om konflikten blir betydeleg redusert samanlikna med den opphavslege utbyggingssøknaden, vil konfliktnivået med landskap framleis bli ganske betydeleg! Elva vil sjå ganske "merkeleg" og heilt unaturleg ut når den nesten vil forsvinne rett nedanfor fossen. Særleg ille vil dette bli når vassføringa i elva er i nærleiken av maksimal slukevne for kraftstasjonen.

Høgst sannsynleg vil utbygginga gje konfliktar med biologisk mangfald, men frå vår side har vi ikkje vurdert storleiken på desse konfliktane. Vi ber NVE om sterkt å vurdere å krevje at det blir utarbeidd eit tillegg til biologisk mangfald-rapporten som omfattar inntaket og røyrgatetraseen.

Turlaget sitt syn på den reduserte utbygginga:

Sjølvs om konfliktnivået i betydeleg grad er redusert samanlikna med den første utbyggingssøknaden, meiner vi at Stødna fossen med elva nedanfor er så viktig for landskapet i Lærdal at vi går sterkt mot også den reduserte utbygginga. Vi synest rett og slett at akkurat denne elva er så viktig i landskapet, og også for friluftslivet, at den bør få renne heilt i fred slik som den gjer no! Det er, og blir, mange nok utbygde elvar både i Lærdal og i Indre Sogn, sjølv om akkurat denne elva vert spart.

Vi vil dessutan peike på at dette blir ei uvanleg dyr utbygging med liten produksjon. Vår vurdering er at i dette tilfellet er fordelane med utbygginga klårt mindre enn ulempene både ved stor og lita utbygging!"

Etter befaringen har **Lærdal kommune** kommet med følgende uttalelse i brev av 17.10.12:

"...

På synfaring kom det fram at det i samband med inntaket under fossen må etablerast ein kanal og /eller basseng på om lag 100 m². Plassering og utforming av bassenget er ikkje avgjort. Utbyggjar skisserte to alternative løysingar til føring av vatnet til eit inntaksbasseng:

- 1. sprenging av open kanal*
- 2. boring gjennom fjellet*

Det aktuelle området er landsakpsmessig eksponert, og det er eit svært bratt og vanskelig terreng.

*Kommunestyret i Lærdal handsama 21.06.2012 den alternative utbygginga av Stødna kraftverk, og vedtok ei fråsegn kor det mellom anna står: "Inntaket må vera plassert under synleg del av elva, slik det viktige landskapselementet Stødna fossen/elva ikkje vert øydelagd. **Røyrgatetraseen bør opparbeidast så skånsomt som mogleg, slik at den ikkje vert synleg frå dalføret** (utheva her)."*

Lærdal kommune meiner at sprenging av ein open kanal i samband med inntaket vil kunne vere øydeleggende for Stødna fossen og landskapet i dette svært eksponerte området. Lærdal kommune ber om at det vert sett vilkår om boring i samband med vassinntaket og etablering av "skjult" anlegg for bassenget ved ein eventuell konsesjon."

Søker har ikkje kommentert noen av de innkomne høringsuttalelsene. NVE ba om tilleggsopplysninger om det reduserte alternativet i e-post av 19.12.12. Søker sendte tilleggsopplysninger i brev av 18.1.13. Opplysningene inngår i NVEs merknader under.

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

Stødna Kraft AS er et heleid privat aksjeselskap under stiftelse av grunneier(e) og fallrettighetshaver(e) i Stødnaelvi sammen med Tyngdekraft AS, med formål å utnytte kraftressursene i vassdraget.

Om søknaden

Stødna Kraft AS søker etter vannressursloven § 8 om tillatelse til å bygge Stødna kraftverk, og etter energiloven om tillatelse til å bygge og drive kraftverket med koblingsanlegg og kraftlinjer. Hovedalternativet går ut på å utnytte fallet mellom kote 740 og kote 10 i Stødnaelvi. Vannveien skal gå i tunnel fra inntaket og ned til kraftstasjonen. Redusert alternativ går ut på å utnytte fallet mellom ca. kote 139 og kote 8. Vi bemerker at selv om koteangivelsen i det reduserte alternativet skulle tilsi at en lenger del av elva blir berørt så er utløpet fra kraftstasjonen i det reduserte alternativet plassert ca. 350 m *oppstrøms* utløpet i hovedalternativet.

Beskrivelse av området

Stødnaelvi og Stødna fossen renner ut i Lærdalselva like ved Lærdalsøyri. Fossen er eksponert i sydlig retning, og er synlig fra riksvei 5 og bebyggelse i Lærdal. Den delen av elva som er synlig fra avstand renner over bart fjell i øvre del, og fossen har fritt fall på deler av strekningen. Ved inntak på redusert alternativ blir elva delvis skjult av løvtrær. På det siste stykket ned mot samløpet med Lærdalselva flater elva ut og renner rolig gjennom dyrket mark.

Eksisterende inngrep i vassdraget

Langs nedre del av elva ligger søkers gårdsbruk. Grunneier tar ut vann til drikkevann og vanning fra elva. Lærdal Energi er områdekonsesjonær og de har ei lokal 22 kV forsyningslinje i nærheten av gården. Søker har fått tillatelse av kommunen til skogsvei opp lia til kote 65. Gården har ei jakthytte som ligger på ca. kote 500, om lag 1 km nedenfor det planlagte inntaket i hovedalternativet. For å komme opp til hytta er det bare en sti som fører dit, men det er også bygget en taubane som kan frakte opp varer og gods.

Teknisk plan

Overføringer

I hovedalternativet er det planlagt å overføre vannet fra Berdøla til Åsaelvi med et inntak på kote 740, og med nedgravd/-sprengt rør med diameter på 60 cm. Røret vil ha en kapasitet på ca. 50 % av turbinens slukeevne. Redusert alternativ har ingen overføringer.

Inntak

For hovedalternativet planlegges inntaket i Åsaelvi med overløp på kote 735. Dammen blir 5-6 m høy og ca. 10 m bred. I redusert alternativ vil inntaket ligge på ca. kote 139. Inntaket planlegges som et tyrolerinntak med oppdemning på ca. 2-3 m.

Rørgate

I hovedalternativet er vannveien planlagt i tunnel vest for elva fra inntak til kraftstasjonen. Lengden blir på 1940 m og diameter på borehullet er satt til 700 mm. I redusert alternativ er vannveien planlagt i nedgravd rør øst for elva fra inntak til kraftstasjon. Det er også utredet å bore mikrotunnel gjennom fjellryggen like ved inntaket. Tunnelen blir ca. 21 m lang. Resten av røret vil graves ned.

Kraftstasjon

For å få plass til borerigg i hovedalternativet vil det sprenges et påhugg inn i fjellet. Dette vil deretter brukes til plassering av kraftstasjonen. I redusert alternativ er kraftstasjonen planlagt på flat mark øst for elva.

Elektriske anlegg

I hovedalternativet installeres en peltonturbin med effekt på 5 MW. Generatoren får en ytelse på 5,5 MVA og en spenning på 6,6 kV. Transformatoren får en ytelse på 6,3 MVA og en omsetning på 6,6/22 kV/kV. Tilkoblingen til eksisterende 22 kV-nett vil skje via en 1,2 km lang jordkabel.

I redusert alternativ blir installert effekt 1,519 MW. Generatoren får en ytelse på 1,70 MVA og en spenning på 0,7 kV. Transformatoren får en ytelse på 2 MVA og en omsetning på 0,69/22 kV/kV. Tilkoblingen til eksisterende 22 kV-nett vil skje via en 0,8 km lang jordkabel.

Veier

I hovedalternativet planlegges det å forlenge eksisterende vei med 300 m, for adkomst til kraftstasjonen. Det planlegges ikke vei opp til inntaket. For redusert alternativ vil det lages en midlertidig vei til inntaket. Kraftstasjonen er planlagt ved siden av eksisterende vei inn til gårdsbruket.

Massetak og deponi

Massene fra rørgata vil utgjøre ca. 550 m³ og vil bestå av alt fra grove sandkorn til fin singel. Dette er fin masse for grus til veier eller tilslagsmaterialer i betong og vil bli lagret på gården for senere bruk.

I hovedalternativet vil kraftstasjonen bli plassert inne ved fjellområdet der det er påhugg for borerigg i fjell i tillegg til at det vil bli anlagt en mindre parkeringsplass i direkte tilknytning til stasjonsbygningen. Det vil ikke bli store volum med overskuddsmasser her. Av eventuelle masseoverskudd kan man benytte disse til atkomstveien samt i forbindelse med et kombinert lager og snu- og parkeringsplass.

Hydrologisk grunnlag

I hovedalternativet vil kraftverket utnytte et nedbørfelt på 14 km² ved inntaket, og middelvannføringen er beregnet til 0,49 m³/s. 5-persentil sommer- og vintervannføring er beregnet til henholdsvis 95 og 18 l/s. Alminnelig lavvannføring for vassdraget ved inntaket er beregnet til 22 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 0,81 m³/s og minste slukeevne 0,016 m³/s. Det er foreslått å slippe en minstevannføring på 200 l/s mellom klokken 09:00 og 17:00 i perioden 1.5. til 30.9. og ingen minstevannføring resten av døgnet og året.

I redusert alternativ vil kraftverket utnytte et nedbørfelt på 16,2 km² ved inntaket og middelvannføringen er beregnet til 0,567 m³/s. 5-persentil sommer- og vintervannføring er beregnet til henholdsvis 104 og 51 l/s. Alminnelig lavvannføring for vassdraget ved inntaket er beregnet til 27 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 1,42 m³/s og minste slukeevne 0,014 m³/s. Det er foreslått å slippe en minstevannføring på 26 l/s i perioden 1.5. til 30.9. og ingen minstevannføring resten av året.

Produksjon og kostnader

Søker har beregnet gjennomsnittlig kraftproduksjon for hovedalternativet til ca. 16,5 GWh fordelt på 4,5 GWh vinterproduksjon og 12,0 GWh sommerproduksjon. Byggekostnadene er estimert til 60,1 mill. kr. Dette gir en utbyggingspris på 3,64 kr/kWh. Med det reduserte alternativet er beregnet gjennomsnittlig kraftproduksjon ca. 3,9 GWh fordelt på 0,9 GWh vinterproduksjon og 3,0 GWh sommerproduksjon. Byggekostnadene er estimert til 20 mill. kr. Dette gir en utbyggingspris på 5,14 kr/kWh.

NVE har kontrollert de fremlagte beregningene over produksjon og kostnader. Vi har ikke fått vesentlige avvik i forhold til søkers beregninger. Det vil likevel være søkers ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsomheten i prosjektet.

Arealbruk og eiendomsforhold

I hovedalternativet forventes det at ca. 11 daa vil beslaglegges i anleggsfasen, mens 3,75 daa vil legges permanent beslag på.

Det er ikke oppgitt arealbruk for redusert alternativ. Midlertidig arealbeslag vil inkludere den nedgravde rørgata og midlertidig vei opp til inntaket.

Forholdet til offentlige planer

Kommuneplan

Området er ikke regulert i kommuneplanens arealdel.

Samlet plan (SP)

Prosjektet er ikke behandlet i Samlet plan.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikke vernet.

Inngrepsfrie områder (INON)

Hovedalternativet vil redusere INON sone 2 med 1,2 km² og 0,6 km² INON sone 1 vil omdefineres til INON sone 2. INON-tap for redusert alternativ er ikke utredet, men vil bli mindre enn for hovedalternativet.

Nasjonale laksevassdrag

Stødna løper ut i Lærdalselva, som er nasjonalt laksevassdrag. Stødna fossen er vandringshinder og tiltaket vil berøre en potensiell anadrom strekning på ca. 600 m for hovedalternativet og ca. 250 m for redusert alternativ.

Kommuneplan for små kraftverk – Lærdal kommunen

Stødna kraftverk er vurdert i Kommuneplan for små kraftverk i Lærdal. Planen har tatt utgangspunkt i prosjekter til en utbyggingspris under 5 kr/kWh i NVEs kartlegging av potensialet for småkraftproduksjon. Totalt er 44 prosjekter vurdert. Prosjektene er vurdert for natur og miljø, landskap, kulturminne, friluftsliv og reiselig. Innenfor hvert tema er det gitt poeng for konfliktgrad. Ut fra poengsummen blir prosjektene plassert i grønn, gul eller rød konfliktgrad, hvor grønn konfliktgrad er de minst konfliktfylte prosjektene. Stødna kraftverk som omsøkt i hovedalternativet har fått 21 poeng ut av 25 mulige. Prosjektet ligger i rød konfliktgrad. Både innen natur og miljø, landskap og friluftsliv har prosjektet fått 5 av 5 poeng.

Tiltakets virkninger - Fordeler og skader/ulempen

Nedenfor har vi gitt en oversikt over hva NVE anser som de viktigste fordelene og skadene/ulempene ved den planlagte utbyggingen:

Fordele

- Prosjektet vil i følge søknaden for hovedalternativet gi ca. 16,5 GWh i ny årlig fornybar energiproduksjon, mens det i redusert alternativ vil gi ca. 3,9 GWh.

Ulemper

- Utbygging etter hovedalternativet vil ha stor negativ effekt på Stødna fossen som landskapselement.
- Utbygging etter redusert alternativ vil medføre inngrep i et eksponert område med rik edelløvskog.

NVEs vurdering

Hydrologiske virkninger av utbyggingen

I hovedalternativet er slukeevnen på 0,81 m³/s, lik ca. 165 % av middelvannføringen ved inntaket. I det reduserte alternativet er slukeevnen satt til 1,42 m³/s, noe som svarer til ca. 250 % av middelvannføringen ved inntaket. NVE mener redusert alternativ er planlagt med en noe høy utnyttelsesgrad, som vil etterlate kun minstevannføring og flomvannføring i elva. Mesteparten av den naturlige vannføringsdynamikken i elva vil forsvinne mellom inntak og utløp.

Landskap

Hovedalternativ

